

Styret si årsmelding for 2025



Foto: David Zadig

Innholdsliste:

Bakgrunn.....	2
Føremål.....	3
Eigarskap og forvaltningsstrategi.....	3
Gåver til allmennyttige føremål.....	3
Større gåvetildelingar i 2025.....	4
Alle gåvetildelingar i 2025.....	6
Støtteordning til skuletur og reiser.....	11
Økonomisk resultat.....	12
Gåvefond.....	12
Styrande organ.....	13
Miljø og vidare drift.....	14

Bakgrunn

Sparebankstiftinga Fjaler vart skipa i samband med samanslåinga av Fjaler Sparebank og Sparebanken Sogn og Fjordane i 2010. Samanslåinga gav grunnlag for ein sterkare regional sparebank med større finansiell berevne enn kvar av bankane hadde åleine. Formelt vart dei to bankane éin bank frå 1. september 2010.

Ved samanslåinga vart ein vesentleg del av grunnkapitalen i dei tidlegare bankane overført til to sparebankstiftingar, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler. Formålet med stiftingane var å sikre langsiktig og stabilt eigarskap i banken, samstundes som overskotet frå bankverksemda skulle kome lokalsamfunna til gode gjennom gåver til allmennyttige føremål.

Sparebankstiftinga Fjaler har sidan etableringa hatt ei klar rolle som langsiktig og stabil eigar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Gjennom eigarskapen skal stiftinga bidra til finansiell stabilitet i banken, støtte vidareføringa av sparebanktradisjonane og sikre at delar av verdiskapinga kjem lokalsamfunnet i Fjaler og nærområda til gode.

Denne doble rolla – som eigar og samfunnsaktør – er fundamentet for stiftinga si verksemd og ligg til grunn for styret sine vurderingar og prioriteringar.

Føremål

Vedtektene slår fast at stiftinga sitt føremål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Stiftinga skal vidare plassere sine midlar på ein føremålstenleg og trygg måte, med vekt på tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Eit sentralt element i føremålet er utdeling av gåver til allmennyttige føremål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga særleg ta omsyn til det distriktet som bygde opp kapitalen i tidlegare Fjaler Sparebank. Stiftinga skal også støtte banken i vidareføringa av sparebanktradisjonane, og elles drive verksemd som kan sameinast med føremålet og gjeldande regelverk.

Styret legg vekt på at verksemda skal vere føreseieleg, ansvarleg og langsiktig, både når det gjeld kapitalforvaltning og gåvetildelingar.

Eigarskap og forvaltningsstrategi

Sparebankstiftinga Fjaler eig ved utgangen av 2025 totalt **1 152 992 eigenkapitalbevis** i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, tilsvarande ein eigarandel på **5,92 prosent**. Dei to sparebankstiftingane er dei klart største eigarane av banken, og eigarskapen vert forvalta med eit langsiktig perspektiv.

Målet med forvaltninga er å oppnå stabil avkastning over tid, samstundes som risikoen vert halden på eit moderat nivå. Styret legg vekt på god risikospreiing mellom ulike aktivaklassar, og at stiftinga til ei kvar tid har tilstrekkeleg likviditet til å møte både løpande drift og framtidige gåveforpliktingar.

Ved utgangen av 2025 bestod stiftinga sine egedelar hovudsakleg av eigenkapitalbevis i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, finansielle investeringar i aksje- og rentefond, bankinnskott samt to kunstverk av Anders Askevold. Utviklinga i finansmarknadene i 2025 har samla sett vore god, og kapitalforvaltninga har gjeve eit svært tilfredsstillande bidrag til stiftinga sitt resultat.

Styret vurderer forvaltningsstrategien som godt tilpassa stiftinga sitt føremål og legg til grunn at strategien også framover vil gi grunnlag for stabile gåvetildelingar.

Gåver til allmennyttige føremål

Utdeling av gåver er ein sentral del av stiftinga si verksemd og eit viktig verkemiddel for å støtte utvikling og aktivitet i lokalsamfunnet. Gåvene skal bidra til dugnad, frivillig innsats og varige tiltak innan kultur, idrett, nærmiljø, oppvekst, friluftsliv og sosiale føremål i Fjaler og nærområda.

I 2025 vart det løyvd og kostnadsført gåver for totalt **kr 19 221 525**. Kostnadsføringa skjer på det året gåva er tildelt for. Gåveramma for året var **kr 25 000 000**. Styret har i tildelingane lagt vekt på ei god breidde, samstundes som ein har prioritert større prosjekt med varig verdi og tydeleg samfunnsnytte.



Foto: David Zadig

Frå Teaterfestivalen

Større gåvetildelingar i 2025

Blant dei største tildelingane i 2025 kan særleg nemnast (utval av dei største):

- **Våge Grendalag** – kr **1 000 000** til brannbil i Ytre Fjaler
- **Dale Idrettslag** – kr **630 000** til nye belter til trakkemaskin og innkjøp av snøscooter



Foto: David Zadig

- **Guddal Grendalag** – kr **585 500** til utvikling av nærmiljøanlegg for born og unge
- **Holmedal Montessoriskule** – kr **350 000** til oppgradering av uteområde og skulebygg i samband med 20-årsmarkering
- **Dale Ungdomslag** – kr **300 000** til vedlikehald og trygging av Trudvang
- **Jakob Sande-selskapet** – kr **150 000** til moglegheitsstudie for framtidig bruk av Steia gard
- **Hellevik Grendalag** – kr **160 000** til ferdigstilling av kjøkken og sanitæranlegg
- **Indre Sunnfjord Turlag** – kr **180 000** til opprusting av turstiar og klopper
- **Fjaler Røde Kors** – kr **229 575** til oppstart av hjelpekorps i Fjaler, til oppussing hytta på Steiestølen og til «Treffpunkt Fjaler» som er ein møteplass for ungdommar i alderen 13 – 19 år. Lågterskeltilbod for å skape eit inkluderande fellesskap og styrke fysisk og psykisk helse.
- **Skulane og barnehagane i Fjaler og Holmedal** – kr **967 000** til fremjving av friluftsliv og uteaktivitetar – kr 1 000 til kvar elev/barnehagebarn, tilsaman 967 personar
- **Nytta AS** – kr 3 000 000. Nytt AS er eit utviklings-og næringssselskap etablert i 2024 etter initiativ frå Sparebankstiftinga Fjaler, og som kom i ordinær drift i 2025. Selskapet er eigd av Fjaler kommune (51%) og Fjaler Næringsutvikling (49%). Dette

er ei fleirårig satsing som generalforsamlinga i stiftinga har gitt ei totalramme for tildeling på 12 mill. Selskapet skal arbeide med både samfunnsutvikling og næringsutvikling på generell basis i og eller for Fjaler kommune. Med samfunnsutvikling er meint for eksempel utviklingstiltak som kan bidra til å auke bulyst og blilyst i kommunen. Selskapet skal også fungere som eit bindeledd mellom kommune, næringsliv og interessentar som gagnar formålet til selskapet. Selskapet har eit ikkje-økonomisk formål og kan ikkje dele ut utbytte til aksjonærane.

- **Fleirårige prosjekt/tildelingar** - Preform AS og Jakob Sande-selskapet har fått henholdsvis kr 3 900 000 og kr 4 750 000 tildelt i 2024 som fleirårige tildelingar for utvikling av sine organisasjonar. Herav er henholdsvis kr 1 350 000 og kr 1 250 000 tildelt for 2025.
- **På Rappen**-ordninga – det er gjort 24 tildelingar i 2025, det er rekord, med beløp frå kr 4 225 til kr 10 000. For å kunne søke, må tiltaket vere initiert / påkomme av ungdom, søkt på av ungdom og vere for ungdom.

Desse tildelingane illustrerer breidda i stiftinga sitt engasjement, frå beredskap og tryggleik til idrett, friluftsliv, kultur og oppvekst.

Alle gåvetildelingar i 2025

Organisasjon	Prosjekt	Vedtak 2025	Vedtak, av neste års ramme
PREFORM AS	Stolar til amfiet i Samvirke	200 000	
DALSFJORDEN SPELEMANNSLAG	Driftsmidler	15 000	
HOLMEDAL MONTESSORISKULE	Oppgradering uteområde, tilbygg og inneområder. Vil vere ein del av 20års-jubileet.	350 000	
Flekke Grendalag	Lyssetting uteområdet Flekke skule.	77 000	
FJALER RØDE KORS	Oppstart Hjelpekorps i Fjaler. Kostnader utstyr.	138 825	
FJALER RØDE KORS	Oppussing hytta på Steiestølen, soverom, gang og toalett.	40 750	

FJALER KOMMUNE	Månadleg globalt matlagingskurs, integrering og frivilligsentralen. Innkjøp utstyr til kjøkken og ingrediensar.	60 000	
FJALER OG OMEGN MOTORSPORTKLUBB	Prosjektering ny motorsportbane	50 000	
Dalsåslia Vel	Ny folkesti til Dalsåsen.	90 000	
HATLEDALEN GRENDALAG	Oppgradering leikeplass i Hatledalen	100 000	
INDRE SUNNFJORD TURLAG	Opprusting av turstien frå Fossevika til grensa mot Nedre Fossedal, og utbetring og forlenging av klopper ved Dalsstølen.	180 000	
VENER AV NILSBUA	Dokumentere historie i Hellevik-området, formidlingsmateriell.	100 000	
HELLEVIK GRENDELAG	Ferdigstilling nytt kjøkken og ombygging toalett i grendahuset.	160 000	
BUTIKKNEMNDA I DALE	Torgdagen: telt, plakater, annonsering	60 000	
DALE UNGDOMSLAG	Trudvang: Vedlikehald Trudvang. Skifte sikringsskap. Montere brannanlegg. Deler av tilbakeføring av sal oppe, elektrisk arbeid og ny dør – i sammenheng med nytt amfi og arbeid i sal. Møbler.	300 000	
FJALER KOMMUNE	Lage sosiale møteplassar for eldre personar i Dale og bygdene i Fjaler. Fellesmiddager, underholdning og seniorkino.	50 000	
NFU VESTLAND FYLKESLAG	Deltaking for utviklingshemma på årleg Kulturfestival på Sunnfjord hotell	10 000	
DALE IDRETTSLAG	Nye belter til trakkemaskin og innkjøp snøscooter	630 000	
FJALER KOMMUNE	Videreutvikle BUA-ordninga ved å tilby større variasjon i utstyr, og meir utstyr, spesielt sykklar.	50 000	
ASKVOLL IDRETTSLAG	Merking sti frå Rivedalsstølen til Bjergastølen.	14 050	

LIONS CLUB FJALER	Transport til Lions Aktivitetssenter på Hardangevidda, for å gi eit tilbod til flyktningane.	75 000	
GRENDAHUSET FRAMTUN SA	Ny komfyr i grendahuset.	40 000	
ASKVOLL IDRETTSLAG	Utviding klubbhus HILVANG	200 000	
Grendahuset Framtun SA	Driftsmidlar bygdekinoen	15 000	
GUDDAL GRENDALAG	Utvikle nærmiljøanlegg, for born og unge, men vil og vere for alle aldersgrupper.	585 500	
BORTHEIM GRANNELAG	Gjere Slupeholmen til eit fint rekreasjonsområde	40 000	
JAKOB SANDE- SELSKAPET	Mogeleghetsstudie for Steia Gard for å vurdere framtidig bruk	150 000	
FJORDEN GRENDALAG	Vedlikehald vedahus/utedo.Drenering rundt skulehuset. Nytt golv i den gamle skulestova i 2.etasje.	66 000	
Fjaler kino	Kinoframsyning for skulane.	30 000	
GRENDAHUSET FRAMTUN DA	Oppgradering utstyr ungdomsklubb	25 000	
Våge Grendalag	Brannbil i Ytre Fjaler.	1 000 000	
Framhug Ungdomslag	Utstyr til revygruppa i Framhug Ungdomslag. Kostymer, parykker, sminke, miksepult for lyd/lys.	78 000	
STRAUMSNES GRENDELAGE	Vedlikehald grendahuset. Mangeårig prosjekt. Vindauge, golvbelegg i år	100 000	
Yksnebjør barnehage	Klatrestativ, humpedisser, edderkoppnett.	100 000	
HELLE OG VÅRDAL BYGDELAGE	Vedlikehald, skifte av tak	240 000	
Guddal ungdomsslag	Driftsmidlar	10 000	
LONGEHOGEN GRENDELAGE	Nytt dissestativ i samband med opprusting av leikeplassen i Longehogen.	70 000	
DALE IDRETTSLAG	VEO-kamera	15 000	

FLEKKE UNGDOMSLAG	I ungdomshuset: Vedlikehald og asfaltering. Skifte ytterdør til storsal.	350 000	
DALE IDRETTSLAG	Tilstandsrapport og langtidsplan for Fjalerhallen.	400 000	
FOLKEMUSIKKLAGET HAVBRUSEN	Innkjøp av hardingfeler (4 stk) og strenger. Driftsstøtte. Støtte til formidlingsarbeid med lokal tradisjonsmusikk.	70 000	
DALE IDRETTSLAG	Nye innbyttarbenker med granulat og bossoppsamling	150 000	
DALE IDRETTSLAG	Arnarsonmila 2025 – innkjøp av utstyr og materiell for gjennomføring i 2025	60 000	
Stigruppa i Dale IL	Utbetring av stien til Jarstadheia, samt vedlikehald på resten av vårt totale stinett på ca 5 mil. Helikopterløft mm	50 000	
DALE MUSIKKORPS	Instrument	70 000	
FJALER KOMMUNE	BILLETTFOND: Det er rundt 100 flyktningar busett i Fjaler. Har fått til gode møteplassar og arrangement – men gruppa er fråverande på arrangement.	50 000	
JAKOB SANDE- SELSKAPET	1) Bygge opp eit ungdomsakademi som kan styrke ungdommar sine kreative og skapande evner, evner til kritisk refleksjon og til å vere aktive deltakarar i samfunnet og 2) Å bidra til eit programfag i forteljekunst i vgs.	70 000	
STIFTELSEN RØDE KORS NORDISK UNITED WORLD COLLEGE	Dekke meirkostnader ved å tilrettelegge for at lokalbefolkninga kan ta stor del i 30 års jubileumsmarkeringa til skulen. Feiringa er todelt; med framsyning på våren, og hovudmarkeringa, som er open for allmuen, i september.	150 000	
HOLMEDAL VEL	Lokalhistorisk dag i Holmedal med geologivandring, museumsbesøk, fabrikkbesøk og tur med Bakkejekta. Dagen er ein del av Holmedal Montessorriskule si 20-årsrsmarkering.	16 000	

DEN MANGFALDIGE SCENEN AS	Prosjektet VERDSFRED skal bli ei interaktiv framsyning for unge om demokrati, ytringsfridom og likeverd. Forprosjektet vil finne stad gjennom ein verkstad i Fjaler haustferien 2025. Her skal ungdomar frå RCNUWC og Dale vgs saman med fagfolk utvikle innhald til framsyninga som vil bli spelt i Fjaler.	100 000	
FJORDKYSTEN REGIONAL- OG GEOPARK	Til føremål å forberede og arrangere den Europeiske Junior Rangercampen 2026 i samarbeid med EUROPARC federation og UWC i Flekke. Tilsetje ungdomskoordinator som skal leie arbeidet.	275 000	
FJALER RØDE KORS	«Treffpunkt Fjaler» er ein møteplass for ungdommar i alderen 13 – 19 år. Lågterskeltilbod for å skape eit inkluderande fellesskap og styrke fysisk og psykisk helse.	50 000	
UWC CONNECT AS	Sommarleir. 2 vekesamlingar for tilsaman 140 born. Fokus på utandørs-aktivitetar, meistring, nye bekjentskap, læring og skape ferieminner.	200 000	
HOLMEDAL VEL	Badenaust i Bakkefjæra. Naustet skal byggast som grindebygg med gavl og dører mot sjøen.	100 000	
Dale Idrettslag	Dale Idrettslag jubileum i 2026		300 000
Bjerga Leikaplass	Leikeutstyr	3 000	
TEATERFESTIVALEN I FJALER	Vidareføring av fleirårig søknad frå 2024. Satsing på scenekunst frå Grønland, Island og Færøyane mm	400 000	
Dale Idrettslag	Friidrettsanlegg Dingemoen		1 000 000
DALE IDRETTSLAG	Tilleggsøyving skifte kunstgras	200 000	
DALE IDRETTSLAG	Nye handballmål, Profesjonell klistervask, Leige hall fellestrening, Kurs idrettsskader,	150 000	
NYTTA AS	Prosjektutvikling Utviklings-og næringsorganisasjon.	1 000 000	2 000 000
Påfyll PÅ Rappen		150 000	

TURSTØTTE-ordninga 2025	Støtteordning skuletur og reiser klasser og lag	355 500	
Studiesenter Kysten	Til marknadsføring av prosjektet Studiehub Fjaler.	30 000	
ASKVOLL IDRETTSLAG	Klubbhus Hilvang i Holmedal, tillegg	185 000	
Hellevik IL	Utvikle kampsport-arena	60 000	
SVINT IL	75-års Jubileum Svint IL	15 000	
Skulane og barnehagane i Fjaler og Holmedal	Fremjing av friluftsliv og uteaktivitetar	967 000	
Nytta AS	Arrangement med foredragsholdar	44 000	
Nytta AS Fjaler U40	Drift og utvikling FjalerU40	238 000	
Dale IL	Kunstgras, tilleggstildeling	550 000	
Fjordtoppen Kortspellag	Utstyr til kortspel	14 900	
	SUM	12 038 525	3 300 000
	SUM vedtekne tildelingar i 2025 og fleirårige	15 338 525	



Foto: David Zadig Kåre Antonisen på maskinrommet i Trudvang.

Støtteordning til skuletur og reiser

Sparebankstiftinga Fjaler har i 2025 vidareført støtteordninga til skuletur og reiser. Ordninga er retta mot skuleklassar, lag og grupper, og har som mål å leggje til rette for deltaking på skuleturar, idrettsstemne og andre fellesskapsretta aktivitetar for barn og unge.

Gjennom ordninga kan søkjarar få støtte per barn eller ungdom, mot at deltakarane gjer ein avtalt samfunnsnyttig innsats. Innsatsen skal vere av ein slik karakter at han kan gjennomførast av deltakarane sjølv, og bidra positivt til lokalsamfunnet. Ordninga kombinerer på denne måten økonomisk støtte med aktiv deltaking og medverknad.

Styret meiner støtteordninga er eit viktig verkemiddel for å fremje inkludering, fellesskap og deltaking, og for å sikre at økonomi ikkje vert ei hindring for at barn og unge kan ta del i felles opplevingar og aktivitetar. Ordninga har også i 2025 vore godt nytta, og styret vurderer ho som eit verdifullt supplement til dei ordinære gåvetildelingane.

Økonomisk resultat

Årsrekneskapen for 2025 syner eit svært godt økonomisk resultat. Samla inntekter frå utbytte, renteinntekter og finansielle investeringar utgjorde **kr 56 403 915**. Samla kostnader og forbrukte midlar var **kr 21 582 996**, noko som gav eit aktivitetsresultat på **kr 34 820 919**.

Av årets resultat vart **kr 8 000 000** avsett til gåvefond, medan **kr 26 820 919** vart overført til annan føremålskapital. Ved utgangen av 2025 utgjorde samla føremålskapital **kr 223 813 985**, og styret vurderer den finansielle stillinga som solid.

Gåvefond

Sparebankstiftinga Fjaler har over tid bygd opp eit gåvefond som ein del av stiftinga si føremålskapital. Gåvefondet er meint å fungere som ein buffer og eit verkemiddel for å sikre stabile og føreseielege gåvetildelingar også i år med svakare økonomiske resultat.

Ved utgangen av 2025 er det avsett **kr 8 000 000** til gåvefondet i året, og samla gåvefond utgjør **kr 23 758 753**. Styret vurderer nivået på gåvefondet som tilfredsstillande, og i tråd med målsetjinga om at fondet over tid skal kunne dekke om lag tre års normal gåveutdeling.

Styret legg vekt på at gåvefondet gir fleksibilitet i forvaltninga og styrkjer stiftinga si evne til å støtte langsiktige og samfunnsviktige prosjekt, også i periodar med større svingingar i finansmarknadene. Bruk av gåvefondet vil alltid bli vurdert opp mot stiftinga sitt samla økonomiske handlingsrom og langsiktige føremål.

Styrande organ

Stiftinga har generalforsamling, styre og dagleg leiar i samsvar med vedtektene. Styret har i 2025 hatt ansvar for forvaltning av kapitalen, handsaming av gåvetildelingar og oppfølging av stiftinga sitt føremål.

Generalforsamlinga i 2025

Innskytarvalde medlemmer:

Ola Hovland (Dale)	Vald 2024
Svante Tømmerbakke (Straumsnes)	Vald 2024
Florence Hamper (Flekke)	Vald 2024
Christine Nikøy Rogne (Dale)	Vald 2022
Magn Helge Brattelid (Dale)	Vald 2022
Ingvild Kjøsnes Espedal (Flekke)	Vald 2022

Varamedlemmer:

Hilde Åsnes (Flekke)
Kennet Vik (Dale)

Valde av Fjaler kommunestyre:

Arve Helle
Ståle Brattelid
Ida Søderstrøm
Elisabeth Boge Sande

Varamedlemmer:

Solveig Nitter
Svein-Martin Hovland Stenseth

Styret

Styret i 2025 har bestått av:

Ingar Valvik, styreleiar
Kjartan Habbestad, nestleiar
Marianne Furevikstrand, styremedlem

Rakel Cecilie Wilhelmsen Solheim, styremedlem
Vanja Guddal, styremedlem

Varamedlemer: Mats Systaddal og Gro Rysjedal.

Administrasjon

Ole Anders Hope ved Accountor HAFS Hope Rekneskapskontor AS har vore engasjert som dagleg leiar.
Stiftinga sin forretningsstad er i Fjaler kommune.

Miljø og vidare drift

Verksemda medfører ikkje ureining av det ytre miljøet. Styret meiner at likestilling, samfunnsansvar og berekraftige omsyn er godt ivaretekne innanfor stiftinga si verksemd.

Styret legg til grunn at føresetnadene for vidare drift er til stades, og meiner at årsrekneskapen for 2025 gjev eit rettvisande bilete av stiftinga si økonomiske stilling og verksemd.

Fjaler, 10. april 2026

Styret i Sparebankstiftinga Fjaler

Ingar Valvik

Kjartan Habbestad

Marianne Furevikstrand

Rakel Cecilie Wilhelmsen Solheim

Vanja Guddal

Ole Anders Hope, dagleg leiar